

Detaljregulering for zipline i Geiranger

Oppdragsgivar: Explore Geiranger AS

Oppdrag: Detaljregulering

Rapport type: Planomtale

Prosjektnr. 18113

Dato: 30.10.2018


Planomtale



INNHALDSLISTE

1	KORT OM PLANFORSLAGET	5
1.1	FORORD	5
1.2	AKTØRAR	5
1.3	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	5
1.4	EKSISTERANDE SITUASJON	7
2	PLANGRUNNLAG	8
2.1	PLANSITUASJON	8
2.1.1	KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL – DELPLAN FOR GEIRANGER	8
2.1.2	GJELDANDE OG TILGRENSANDE REGULERINGSPLANAR	8
2.2	ANALYSAR SOM ARBEIDET ER BASERT PÅ	9
2.2.1	ANALYSAR OG UTGREIINGAR SOM LIGG FØRE VED OPPSTART	9
2.2.2	ANALYSAR SOM ER GJORT I SAMBAND MED PLANARBEIDET	9
3	PLANPROSESSEN	9
3.1	OPPSTARTSMØTE OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET	9
3.2	VURDERING ETTER <i>FORSKRIFT OM KONSEKVENSTREDDNINGER (KU FORSKRIFTA)</i> – PLANPROGRAM	9
3.3	MEDVERKNAD	10
4	PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE SITUASJON	10
4.1	BRUK AV PLANOMRÅDET	10
4.2	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	10
4.3	LANDSKAP	10
4.3.1	TOPOGRAFI	11
4.4	FRILUFTSAREAL, REKREASJONSVERDI OG BRUK	11
4.5	NATURVERDIAR, VILTINTERESSER, ØKOLOGISKE FUNKSJONAR	12
4.6	TEKNISK INFRASTRUKTUR	13
4.7	BARN OG UNGE SINE INTERESSER	13
5	RISIKO OG SÅRBARHEIT	14
6	SKILDING AV PLANFORSLAGET	15
6.1	PLANLAGT AREALBRUK	15
6.1.1	REGULERINGSFØREMÅL	15
6.2	GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFØREMÅL	16
6.2.1	LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSLIV /AKTIVITETSPARK	16
6.2.2	VEGAREAL, PARKERING OG SERVICETILBOD	16
6.3	PLASSERING OG UTFORMING AV TILTAK	16
6.3.1	PRINSIPPLØYSINGAR	16
6.4	FARESONER OG OMSYNSSONER	18

<u>7</u>	<u>VERKNADER AV PLANFORSLAGET</u>	<u>18</u>
7.1	OVERORDNA OG OVERLAPPANDE PLANAR	18
7.2	LANDSKAP	18
7.3	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	20
7.4	FRILUFTSAREAL, REKREASJONSVERDI OG REKREASJONSBRUK	20
7.5	NATURVERDIAR, VILTINTERESSER, ØKOLOGISKE FUNKSJONAR	20
7.6	TEKNISK INFRASTRUKTUR	21
7.7	BARN OG UNGE SINE INTERESSER	21
<u>8</u>	<u>AVSLUTTANDE KOMMENTAR</u>	<u>21</u>

		Prosjektnr: 18113	Dato: 30.10.2018		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
0	Utkast	30.10.18	HVS	MB	
0	Til 1. handsaming				
1	Revisjon – beskriv.				
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no			Kundeinformasjon: Eirik Vaage Postboks 249, 6101 Volda eirik@exploregeiranger.no		
Prosjektleder: Halvard V. Straume					
Medarbeidarar: Halvard V. Straume			Sign:		
Kontrollert av: May-Britt Drage Bakke			Sign:		

1 Kort om planforslaget

1.1 Forord

Nordplan sin planmal er basert på Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) si detaljerte sjekklister for planomtale, og er inndelt i tema i tråd med denne sjekklister. Nordplan har, der vi har funne det føremålstenleg, justert på rekkjefølgja til nokre tema i sjekklister, samt slått saman nokre overskrifter og lagt til nokre få punkt.

1.2 Aktørar

Plankonsulent Nordplan AS utarbeider på vegne av tiltakshavar Explore Geiranger AS ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for etablering av zipline i Geiranger.


Kontaktpersonar:

Kommunen: Anders Standal Eikrem

Oppdragsgjevar: Eirik Vaage


Nordplan AS: Halvard V. Straume

1.3 Lokalisering og avgrensing av planområdet




Planområdet ligg langs nordvest for sjølve Flydalsjuvet, langs Maråkelva i Geiranger. Kjelde: www.gislink.no

Ved varsel om oppstart var det satt av eit stort planområde. Bakgrunnen var at ein skulle ha moglegheita til å vurdere fleire alternativ innanfor planavgrensinga. Innspel til oppstart av arbeidet har gjort at ein har valt å redusere tiltaket betydeleg. Den endelege planavgrensinga er difor mykje mindre en avgrensinga ved varsel om oppstart.



Kartet over syner planavgrensning ved varsel om oppstart. Illustrasjon: Nordplan AS



Kartet over syner endelig planavgrensning. Planområdet er blitt kraftig redusert i løpet av planprosessen. Illustrasjon: Nordplan AS

1.4 Eksisterende situasjon

Vedlagte bilete viser det viktigaste ved arealbruken i dag. Planområdet ligg tett på eksisterande bygningar. Det føreligg vedtekne reguleringsplanar for bustader og ny brannstasjon i området. Dette gjer at planområdet for zipline vil bli liggande mellom eksisterande bebyggelse og framtidige utbyggingsområde.

Ziplinen vil ha start- og endepunkt ved Norsk Fjordsenter som i dag har parkering, servicetilbod og sanitære fasilitetar. Eksisterande situasjon er nærmare omtala i kapittel 4.




Oversikt over dagens arealbruk. Kjelde: www.norgebilder.no (dato: 22.10.18)

2 Plangrunnlag

2.1 Plansituasjon


2.1.1 Kommuneplanen sin arealdel – delplan for Geiranger



*Utsnitt av
Kommune-
planens
arealdel for
Geiranger
2003-2014,
vedteken:
25.05.2005*

Planområdet ligg delvis innfor kommunedelplan for Geiranger (2005). Endeleg plan vil også komme innanfor nokre reguleringsplanar i området. Kommunedelplanen opnar ikkje for zipline, og det er difor krav om regulering.

2.1.2 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar



*Gjeldande
regulerings-
planar for
området. Svart
stipla linje viser
ein omtrentleg
plassering av
ziplinen.
Bustadområde
mot vest, samt
ny brannstasjon
er ikkje bygd.
Illustrasjon:
Nordplan AS*

Det er svært viktig at ziplinen ikkje kjem i konflikt med gjeldande reguleringsplanar og gjer det umogleg å realisere ny bustader i området. Området som er tenkt nytta til zipline er per i dag regulert til friluftsområde.

2.2 Analysar som arbeidet er basert på

2.2.1 Analysar og utgreiingar som ligg føre ved oppstart

I samband med planlegging av ny brannstasjon i Geiranger så vart det gjennomført ei skredfarevurdering. Skredfarevurderinga er gjennomført av Noregs Geotekniske Institutt og var ferdig utarbeidd 27.04.2017. Konklusjonar frå denne utgreiinga er lagt til grunn for planarbeidet med zipline.

2.2.2 Analysar som er gjort i samband med planarbeidet

Det er gjennomført eit vurdering av Via Ferrata og Zipline i forhold til rovfugl generelt og hubro spesielt. Arbeidet er utført av Faunafokus AS, sumaren 2018. Rapporten er vedlagt planen.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Oppstartsmøte

Plannamn: Detaljregulering for zipline i Geiranger

Stranda kommune tilrår oppstart av planarbeidet. Det er viktig at planen for zipline ikkje kjem i konflikt med eksisterande reguleringsplanar og at det vert gjennomført ei vurdering av hekkeområde for hubro, samt ei landskapsvurdering av tiltaket.

Tiltaket kjem ikkje under forskrift om konsekvensutgreiing.

Plantype

Detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

3.2 Vurdering etter *Forskrift om konsekvensutredninger* (KU forskrifta) – planprogram

Nordplan har i samråd med Stranda kommune gjennomgått *Forskrift om konsekvensutgreiing for planer etter plan og bygningsloven §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017)*. Ein finn ikkje grunnlag for eit automatisk KU-krav etter § 6, men vurderer tiltaka i planen etter § 8. For denne typen tiltak er det ikkje krav om planprogram.

Følgande tema skal vurderast nærare i planarbeidet:

Alltid:

- ROS analyse
- Naturmangfald

I tillegg:

- Hekkeområde for hubro (eigen rapport)
- Landskapskonsekvensar (del av planomtalen)

3.3 Medverknad

Varsel om oppstart:

Planen vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i Sunnmøringen og e-post eller brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar. Frist for merknader var sett til 31.08.2018. Planarbeidet vart også annonsert på Nordplan sine heimesider (nordplan.no).

Det er kome inn 6 innspel i annonseringsperioden. Desse er oppsummert og vurdert i eige skjema som er lagt ved planen.

4 Planområdet – eksisterande situasjon

4.1 Bruk av planområdet

Planområdet er i dag eit naturområde med tett skog. Det går ein sti gjennom planområdet, men den er prega av gjengroing. Området samla sett er prega av lite bruk.

Planområdet grensar til Fjordsenteret som er mykje besøkt. Fjordsenteret ligger like ved elvetrappa som er etablert langs Maråkelva.

Planområdet er lett tilgjengeleg for alle. Sti- og trappesystem gjer at ein enkelt når området til fots og parkering ved Fjordsenteret gjer området tilgjengeleg for dei som kommer med bil.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men det er rikt med kulturminne i områda rundt. Blant anna Geirangervegen som er eit verna veganlegg.

Planområde er også ein del av verdsarvområdet. Sjølve landskapsvernområde er ikkje råka av planforslaget, men planområdet opplevast likevel som ein del av kulturmiljøet Geiranger.

4.3 Landskap

Norge er delt inn i 45 landskapsregionar. Geiranger ligger i landskapsregion 23, indre bygder på Vestlandet (NIJOS-rapport 10/2005). Regionen dekker det mest storslagne av Norges fjordlandskap og er vurdert som verdifullt. Til tross for det storslagne naturlandskapet er det likevel kulturpåverknaden som har gitt internasjonal merksemd, og fjordlandskapet rundt Geiranger er sikra som eit av UNESCO sine verdsarvområde.

Sjølve planområde ligg like utanfor landskapsvernområdet, men grensar til Flydalsjuvet som er vurdert som eit svært verdifullt landskap.



Planområde ligg langs Maråkelva, nedstraums frå Flydalsjuvet og utanfor landskapsvernområdet. Foto: Nordplan AS

4.3.1 Topografi

Heile Geiranger er bratt og skredutsett. Det er i det heile få plassar som er egna til byggeområde. Planområdet ligg i aktsemdområde for både snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. NGI har gjennomført ei skredfarevurdering av området. Dette var gjort i samband med regulering av ny brannstasjon.

4.4 Friluftssareal, rekreasjonsverdi og bruk

I FRIDA-registreringar er heile Geirangerfjorden og Synnylvsfjorden registrert som friluftsområde av nasjonal verdi. Bygda og fjorden er internasjonal kjente turistområde.

Avgrensinga som er gjort i FRIDA-registreringa er grov og overordna. Sjølve planområdet er lite brukt til friluftsliv. Deler av planområdet er synleg frå Flydalsjuvet som er eit ikonisk utsiktspunkt og fotomotiv.



Det går fram av bilete at terrengformasjonar og vegetasjon gjer at berre delar av planområdet er synleg frå toppen av Flydalsjuvet. Bilete: Nordplan AS

4.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar

Planområdet ligg innanfor naturtype bekkekløft og bergvegg. Naturtypen er vurdert som svært verdifull. Skogen inne i kløfta er truleg av høgstaude-/storbregnetypen, slik som er vanleg i skuggefulle bekkekløfter elles i distriktet. Karplantefloraen er ikkje spesielt artsrik. Av lav er det registrert kort trollskjegg (NT), men det er opplagt potensiale for fleire raudlisteartar i kløfta (www.naturbase.no).

Det er tidlegare observert hubrorop i området (sist observert 2006). I tillegg er det gode forhold med mange fjellhyller for fleire andre rovfuglartar, men det føreligg ingen informasjon om at andre rovfuglartar enn hubro har hekka i Flydalsjuvet. Området er vurdert som eit godt territorium for hubro, og kan vere et område hubro kan etablere seg på nytt dersom område får ligge urørt.

Det er registrert viktige naturtypar innanfor planområdet, og spesielle verdiar i høve biologisk mangfald. Det er gjennomført ei kartlegging av naturtypen bekkekløft og bergvegg i 2008. I samband med utarbeiding av planforslaget er det også gjennomført ei vurdering av området

som hekkeplass for hubro. Kunnskapsgrunnlaget knytt til planområdet vert med dette vurdert til å vere tilstrekkeleg, i samsvar med Naturmangfaldlova §8.

4.6 Teknisk infrastruktur

Planområdet er tilgjengeleg frå Norsk Fjordsenter. Her finn ein mellom anna parkering, servicetilbod og sanitæranlegg. Frå Fjordsenteret er det stisystem opp til planområdet.

Det er også mogleg å nå området frå sør ved at ein kryssar Maråkelva over ei gangbro. Ved utbygging av bustader i området så vil denne gangbrua bli erstatta av ei ny bru tilpassa biltrafikk.

4.7 Barn og unge sine interesser

Det føreligg ikkje registreringar eller opplysningar om at barn og unge har spesielle interesser innanfor eller i nærleiken av planområdet.

5 Risiko og sårbarheit

Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet er lagt ved som eige dokument.

Etter gjennomgang av ROS-sjekklista i vedlagt analyse, er det konkludert med følgende moglege hendingar innanfor planområdet:

Konsekvens	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ ein viss fare	3 Betydeleg/ kritisk	4 Alvorleg/ Farleg	5 Svært alvorleg/ Katastrof-alt
Sannsyn					
5 Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/ periodevis	4	8	12	16	20
3 Sannsynleg/ fleire enkelt-tilfelle	3	6 -Vindutsett	9	12	15
2 Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle	2	4	6 -Flora -Fauna	8	10
1 Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

Vindutsett

Området er ikkje spesielt vindutsett, men anlegget er sårbart for vind. Tiltakshavar må sørge for at anlegget tilfredsstiller Statens jernbanetilsyn sitt regelverk for å ivareta tryggleiken. Det må også vere rutine for vedlikehald og drift/driftsstans blant anna med tanke på ver og vind.

Flora

Deler av planområde ligg i naturtype; bekkekløft og bergvegg. Det er registrert ein raudlisteart innanfor planområdet. Ettersom aktiviteten i all hovudsak vil skje oppe i lufta utan å vere i kontakt med bakken så vil tiltaket ha eit svært lite fotavtrykk, og vil ikkje belaste naturtypen i særleg grad. Det vil ikkje vere naudsynt med avbøtande tiltak.

Fauna

Planområdet er del av eit hekkeområde for hubro. Det var siste registrert hubro i området i 2006. Det er i forbindelse med planarbeidet utarbeidd en rapport som anbefaler å ikkje opne for etablering av zipline i området. Etter Nordplan AS si vurdering så tek denne rapporten i for liten grad inn over seg dei planane som allereie er vedtatt i området. Ziplinen vil ligge tett på planlagde bustadområde og framtidig brannstasjon.

6 Skildring av planforslaget

Målsetting: Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av zipline i Geiranger, Stranda kommune. Ziplinen skal etablerast i eit område som i dag er lite brukt. Tiltaket er retta mot turistnæringa og nye behov og forventningar hos kundemassen. Tilbodet vil hovudsakleg vere retta mot unge og unge vaksne.

6.1 Planlagt arealbruk

6.1.1 Reguleringsføremål

Aralet er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen viser.

Arealtabell	
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
2010 - Veg	0,5
Sum areal denne kategori:	0,5
§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur	
	Areal (daa)
3031 - Turveg	0,2
Sum areal denne kategori:	0,2
§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift	
	Areal (daa)
5130 - Friluftsmål (4)	11,7
Sum areal denne kategori:	11,8
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	
	Areal (daa)
6610 - Naturområde i sjø og vassdrag	1,0
Sum areal denne kategori:	1,0
Totalt alle kategorier: 13,5	

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

6.2.1 Landbruk-, natur- og friluftsliv /aktivitetspark

I areal avsett til LNF vil ein tillate etablering av zipline. Det vil også vere mogleg å etablere stisystem knytta til anlegget. Det er viktig at ein ved opparbeiding av stiar eller utbetring av eksisterande stiar, gjer dette på ein slik måte at dei toler den forventa bruken. Enkelte plassar vil det difor vere aktuelt å steinlegge stien for at den skal tole slitasje eller etablere klopper over våte parti. Det vil også vere tillat å etablere sikringsgjerde ved start- og slutt punktet for ziplinen.


6.2.2 Vegareal, parkering og servicetilbod

Tilkomsten til området vil vere via eksisterande vegnett. Det vil også vere mogleg å nå planområdet via fossevandringstrappene. Parkering vil kunne skje i sentrum og ved andre offentlege parkeringsplassar ved starten av planområdet. Her finn ein allereie servicetilbod og sanitære anlegg. Det vil derfor ikkje vere naudsynt å etablere ny infrastruktur i samband med gjennomføring av tiltaket.

6.3 Plassering og utforming av tiltak

6.3.1 Prinsipløysingar

I fyrste omgang vil ein etablere ein zipline med fire spenn. I eit andre og siste byggetrinn vil det vere mogleg å etablere ein zipline som går heilt ned til Norsk Fjordsenter. Byggetrinn 2 er ikkje del av reguleringsplanen.



Kartet viser byggetrinn 1 som er Explore Geiranger si målsetting å etablere. Undervegs i arbeidet har det blitt ytra eit ynskje om å vidareføre dette anlegget heilt ned til Fjordsenteret. Illustrasjon: Nordplan AS og Explore Geiranger AS

Sjølve linene vil bli spent opp mellom eksisterande trær. Det vil kunne bli naudsynt å støtte opp og forsterke enkelte trær for at dei skal tole påkjenninga frå ziplinen. Dette må gjerast i samsvar med gjeldande regelverk for denne type anlegg. På sluttstasjonen i byggetrinn 1 vil det kunne bli aktuelt å etablere ein bukk. Dette er på grunn av mangel på større tre på dette punktet. Det er tenkt at forma på denne bukken skal vere inspirert av gamle løypestrenger.



*Eksempel på bukk frå ein gamal løypestreng.
Kjelde foto: Explore Geiranger AS*

Det vil bli aktuelt å etablere plattformer i trærne. På plattformene vil dei besøkande kunne koble seg av ei line og inn på ei ny. Det er tenkt at desse plattformene skal lagast i naturleg og nedbrytbart materiale. Fotoet under viser eksempel på ein slik plattform. Eksempelet er henta frå Fløyen i Bergen.



Eksempel på utforming av plattform. Eksempelet er frå Fløyen i Bergen. Kjelde foto: Explore Geiranger AS

Det er viktig at forankring av linene i tre skjer på ein skånsam måte. Den mest skånsame måten å gjere dette på er å nytte trekiler mellom wire og trestammen slik at det ikkje blir sår i treet. I tillegg vil det kunne bli aktuelt med støttebarduner i wire frå treet og ned i grunnfjellet. Dette for å sørge for at treet skal tole påkjenninga frå ziplinen. Samla sett vil dette gje eit anlegg med svært lite fotavtrykk og tiltaket vil vere reversibelt den dagen det ikkje er aktuelt å drive med denne type aktivitet lenger.



Eksempel på innfesting i tre. Eksempelet er frå zipline i Lom. Kjelde foto: Explore Geiranger AS

6.4 Faresoner og omsynssoner

Tiltaket vert ikkje vurdert som eit byggverk som skal handsamast i forhold til tryggleiksklasser for flaum og skred. Men ein vil likevel innarbeide desse faresonane for at tryggleiken til den omkringliggende busetnaden skal bli ivaretatt, i samsvar med gjeldande planar.

7 Verknader av planforslaget

7.1 Overordna og overlappende planar

Store deler av planområdet er ikkje regulering gjennom kommunedelplan for Geiranger, men i gjeldande reguleringsplanar så er arealet langs Meråkelva avsett til friluftsføremål. Planforslaget legg til rette for kommersiell aktivitet i området, men aktiviteten er knytt til naturopplevingar. Tiltaket vil også vere lite synleg, samt vere reversibelt viss aktiviteten skulle stanse, og området vil kunne fungere som eit friluftsområde sjølv om det vert etablert ein zipline her. Med bakgrunn i dette så vil intensjonen om eit grønt friluftsområde langs elva vere teke i vare også i framtida. Ein kan ikkje sjå at det er store motstridande interesser mellom eksisterande regulering og planforslaget.

7.2 Landskap

Viss ein legg til grunn metodikken for landskapsvurderingar i Statens vegvesen si handbok V712, inngår planområdet i overordna landskap med unike visuelle kvalitetar som har internasjonal betydning. Dette er eit landskap med svært stor verdi. Sjølve planområdet er berre ein del av dette storskalalandskapet. Tiltaket vil hovudsakleg vere synleg frå sjølve elvekanten langs Meråkelva og frå utsiktspunktet over Flydalsjuvet. Illustrasjonen på neste side viser det reelle influensområdet. Innanfor dette området er det elva med kulper og

fossefall som er den viktigste landskapsverdien, samt starten på Flydalsjuvet. Influensområdet vert med bakgrunn i dette vurdert til stor til svært stor verdi.



Illustrasjon over tiltaket sitt influensområde. Illustrasjon: Nordplan AS

Tiltaket vil bestå av eit stisystem frå Fjordsenteret og opp til startpunktet for ziplinen. Dette vil vere en naturleg sti som berre vil vere opparbeidd med steinheller, klopper eller liknande for å beskytte terrenget der det er naudsynt. Kjensla av å gå langs ein naturleg sti opp til startpunktet er ein del av totalopplevinga av tilbodet. Sjølve ziplinen vil bestå av wire som er spent fast i tre på staden. På grunn av vegetasjon, terrengformasjonar og eksisterande bygg så må ein tett innpå wiren for å sjå den. Anlegget vil også ha god avstand til sjølve Flydalsjuvet.

Tiltaket vil krysse elva på to plasser. Det er i dei punkta wiren kryssar elva at ziplinen vil vere mest synleg og det er i desse punkta at tiltaket til ein viss grad bryt med landskapsbilete sin karakter. Tiltaket vil vere reversibelt og vil ikkje medføre varige og skjemmaende inngrep i landskapet. Ziplinen vil vil ha ein skala og materialbruk som harmonerer med dagens landskap. Blant anna vil ein i så stor grad som forsvarleg nytte eksisterande trær til å feste wiren. Det er vektlagt at naudsynte konstruksjonar glir inn i landskapet og lar seg inspirere av eldre byggeskikk. Døme på ein slik konstruksjon er etablering av ein bukk for innfesting av wire.

Samla vurderer ein at tiltaket vil ha ein ubetydeleg til noko forringa verknad på landskapet. Stor til svært stor verdi og ubetydeleg endring til noko forringa verknad medføre liten negativ konsekvens for landskapsbilete (-).

Ein vil påpeike at ein har vurdert tiltaket i forhold til dagens landskap. Det føreligg vedtekne planar for utbygging i området. Realisering av desse prosjekta vil påverke influensområdet og gje det noko redusert verdi. Noko som igjen medfører at konsekvensen av ziplinen sett i samanheng med gjeldande planer er noko lågare enn når det er vurdert opp mot dagens landskap.

7.3 Kulturminne og kulturmiljø

Tiltaket ligg i eit verdsarvområde. Ein av dei mest kjente utsiktspunkta over dette verdsarvområdet er frå toppen av Flydalsjuvet, og tiltaket vil til ein viss grad vere synleg frå herifrå. Område har fått verdsarvstatus som ein kombinasjon av fjordlandskapet i seg sjølv og den kulturpåverknaden på landskapet som strekker seg fleire 1000 år attende.

Tiltaket har eit lite fotavtrykk og tek i bruk eit område som i dag er gjengrodd. Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til ei forringing av verdsarvområde som kulturmiljø.

7.4 Friluftsaerial, rekreasjonsverdi og rekreasjonsbruk

Område er i dag lite brukt. Utbetring av sti og etablering av aktivitet i området kan føre til at fleire tek turen inn i dette landskapet. Frå dette området kan ein oppleve elva og nedre del av Flydalsjuvet. Dette vil gje opplevingar som er ganske ulike opplevinga av å sjå landskapet ovanfrå frå dei allereie tilrettelagde utsiktspunkta. Området er lett tilgjengeleg og tiltaket kan gjere området meir attraktivt som friluft- og rekreasjonsareal for både tilreisande og lokale. I eit folkehelseperspektiv vurderast tiltaket som positivt.

7.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar

Planområde ligg innanfor naturtype bekkekløft og bergvegg. På grunn av tiltakets vesle fotavtrykk og at aktiviteten hovudsakleg skjer i lufta og dermed ikkje medfører slitasje på naturtypen, meiner ein at verknaden på lokaliteten er ubetydeleg.

Flydalsjuvet er kjent frå tidlegare som ein rope- og hekkeplass for hubro. Siste observasjon var i 2006. Av den grunn er det i samband med planen gjennomført ei vurdering av om området framleis er egna som hekkeplass, og kva konsekvensar ein zipline og Via Ferrata i området vil kunne bety for hubroen sin hekkesuksess. Konklusjonen er at området framleis er ein god lokalitet for hekking og at ein ikkje kan sjå vekk frå at hubroen på nytt vil etablere seg her.

Ein av dei større truslane for hubro er kraftliner og wire. Hubroen er spesielt utsett for straumførande liner, men det er også eksempel på at hubro har kollidert med wire/kraftliner. Konklusjonen i utgreiinga er at ein etter eit førevar-prinsipp ikkje bør etablere zipline i området. Dette med tanke på hubroen sin hekkesuksess.

Slik planforslaget føreligg så er ziplinen redusert i forhold til tiltaket som ble vurdert i samband med vurdering av hekkeområde for hubro. I tillegg synas ein denne utgreiinga i for liten grad tek inn over seg konsekvensen av allereie vedtekne planar i området.

Slik tiltaket er utforma no så vil heile ziplinen ligge nærare enn 60 meter frå framtidig utbyggingsområde/bustadtomter.

Det er 12 år sidan det var observert hubro i området sist (2006). Ein kan sjølv sagt ikkje sjå vekk frå at hubro på nytt etablerer seg i området, og ein er kjent med at wire er ein trussel mot hubro. Men i den samme perioden har turismen og aktiviteten økt i Geiranger. Det er også vedtatt planer som opnar for utbygging rundt planområdet. Planforslaget er i tillegg redusert i stor grad for å tilpasse seg landskapet og naturmangfaldet. Nordplan er kjent med § 9 i naturmangfaldsloven (føre-var-prinsippet), men stiller spørsmål ved om det er riktig å nytte dette prinsippet i dette tilfellet.

7.6 Teknisk infrastruktur

Planforslaget vil auke aktiviteten i området, men det er ikkje snakk om store volum. Dette på grunn av at anlegget vil ha ei kapasitetsgrense. Eksisterande infrastruktur med vegar og parkering kan nyttas. Det er også etablert sanitære anlegg og servicetilbod med start- og endepunktet til ziplinen. Det vil ikkje vere behov for ny infrastruktur og det vil bli ein avgrensa belastning på eksisterande vegnett og parkeringsanlegg.

7.7 Barn og unge sine interesser

Det føreligg ikkje registreringar som tilseier at tiltaket er i konflikt med barn og unge sine interesser. Unge og unge vaksne er hovudmålgruppa for ziplinen og tiltaket vil kunne gje denne gruppa eit betre tilbod og ein anna type oppleving enn dei får i dag.

8 Avsluttande kommentar

Føremålet med planen er å kunne etablere ein zipline i Geiranger. Tiltaket er retta mot turistnæringa og nye behov og forventningar hos kundemassen. Utgangspunktet for planen var eit spektakulært prosjekt med Via Ferrata og zipline frå toppen av Flydalsjuvet og ned til Norsk Fjordsenter. Av omsyn til landskapsbilete og naturmangfald så er prosjektet skalert ned betydeleg, men vil likevel kunne vere eit attraktivt tilbod for spesielt unge og unge vaksne.

Det har i arbeidet vært interesseløstnader mellom ynskje om å legge til rette for naturbaserte opplevingar og omsynet til naturmangfaldslova. Dette er som nemt også årsaka til at prosjektet er nedskalert i så stor grad. Med tanke på at det er 12 år sidan det er observert hubro i området og at veksten i reiselivet og aktiviteten generelt har auka mykje i den same perioden, kombinert med vedtatte planar for utbygging, meiner Nordplan det er feil å nytte føre-var-prinsippet i dette tilfellet. Ein kan ikkje sjå vekk frå at hubroen igjen vil etablere seg her, men sannsynet virker å vere veldig lågt.

Sjølv om planane har endra seg mykje i løpet av prosessen, står ein att med eit godt prosjekt som er tilpassa omgjevnadane og som vil bli eit nytt og attraktivt tilbod i bygda.

Vedlegg

Følgande dokument skal følge saka:

- Føresegner, datert: 30.10.2018
- Plankart, datert: 30.10.2018
- Oppsummering av innspel, datert: 30.10.2018
- ROS-analyse, datert: 30.10.2018
- Varslingsbrev, datert: 29.06.2018
- *Skredfarevurdering, datert 27.04.2017*
- Synspunkter angående Via Ferrata og Zipline i Flydalsjuvet, Gjørvaberget og Maråkelva i Geiranger, Stranda kommune, Møre og Romsdal i forhold til rovfugl generelt og hubro spesielt (Notat 2018:2), Faunafokus AS